

Eit omfattande vegvedlikehald er ferdigstillt.

07.03.2019



Vedlikehaldet på Fylkesveg 48 ved nedkøyrsla til Beinavikjo vart avslutta med asfaltering i går.

Utbetring av vassrøyr under Fylkesvegen ved nedkøyrsla til Beinavikjo vart meir omfattande og tok lengre tid enn det som fyrst var tenkt. Arbeidet tok til 10. januar og med nokre avbrot vart arbeidet avslutta med asfaltering i går. Kvinnherad Maskin har vore utførande entreprenør. Arbeidet er gjort på oppdrag frå Mesta.

Store vassmengder kjem ned frå Halsane, går i røyr under Fylkesvegen, ned mellom husa og ut i Beinavikjo. Det har lenge vore eit søkk i vegen grunna røyrbrot. No er det støypt og montert stor samlekumme på oppsida av vegen. Kummen har ein dimensjon på 1,90 meter lang og 1,50 meter brei. Djupna er 1,50 meter. Det er også gjort installasjonar på nedsida av vegen.

Det er lagt inn ei 60 cm røyr under vegen, same dimensjonen som går vidare ut i sjøen.

Dag Harald Sveinsgjerd frå Mesta har utført alt arbeid som ikkje er ein del av vegkontrakten. Han reknar med at arbeidet som er gjort no, skal fungera godt og vera dimensjonert for store vassmengder.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Ein stor samlekuvm på oppsida av vegen er dimensjonert for store vassmengder frå Halsane og lia ovom.